

Språkrådet
Boks 8107 Dep
0032 OSLO

Vår referanse 026-422 RS

Hovdebygda, 21. februar 2011

HØYRINGSFRÅSEGN OM NY RETTSKRIVING FOR NYNORSK

Nynorsk kultursentrum er svært glad for det initiativet Språkrådet tok i 2007 og som no kan gi ei stabil rettskriving for nynorsk. Vi sluttar oss til dei fleste punkta i framlegget til ny rettskriving og svarar ja på ni av dei ti spørsmåla nynorsknemnda har prioritert, men rår frå at *dykke* også blir subjektsform. At det i ei sak med så mange og ulike synspunkt blir lagt fram ei samrøystes innstilling, vitnar om solid arbeid og vilje til nyanserte vurderingar, og gir innstillinga den tyngda den fortener. I enkeltspørsmål er meiningane delte innanfor vår institusjon som dei nok er i mange andre miljø. Di viktigare er det at eit breitt nynorsk miljø no kan samle seg om det som er viktigast.

Vi merkar oss at framlegget gjer det mogleg for dei aller fleste nynorskbrukarane å skrive som før, og at det blir lettare for komande årskull av nynorskbrukarar å finne sitt språk. På mange punkt aukar valfridomen, og vi ser ikkje bort frå at det kan utvikle seg ulike bruksmønster både for dei som må skrive innanfor normalen og for dei som gjer som dei vil.

I denne høyringsfråsegna drøftar vi nokre av dei spørsmåla dette utløyser, gir vårt syn på nokre enkeltframlegg, og peikar på nokre moment når den nye rettskrivinga i si endelege form skal setjast ut i livet. Her gjeld det at styresmaktene grip sjansen som byd seg til å fremje meir solid kunnskap om nynorsk rettskriving og til å styrkje den faktiske nynorskbruken.

Frå 2002 til 2012

Då spørsmålet om normering sist var oppe, ville Nynorsk kultursentrum ikkje slå seg til ro med den etablerte ordninga for rettskriving i nynorsk. I ei høyringsfråsegn til Norsk språkråd 15.12.2002 tok vi til orde for eit system med ei *hovudnorm* og ei romsleg *utvida norm*. Kor vid denne hovudnorma burde vere, meinte vi var avhengig av bruksområdet og kva brukargrupper ein prioriterer som retningsgivande. Den gongen ordla vi oss varsamt fordi debatten hadde vore sterk og meiningane var skarpt skilde. Vi rådde frå å gjere vedtak med knapt fleirtal i ei sak som var så omstridd, då vi meinte eit slikt vedtak ville mangle autoritet og ikkje skape ro i saka.

No er situasjonen ein annan.

Som vi framheva i 2002, må nynorsk normerast på eit sjølvstendig grunnlag. I dette ligg ei forståing av nynorsk som ein sjølvstendig språktradisjon. Nynorsk har ikkje så tydelege normberarar som bokmål, og det er ein hevdvunnen praksis for at spennvidda i bokmålsnorma ikkje blir utnytta. Til gjengjeld har spennvidda i nynorsk over tid blitt for stor.

Med eit lånord frå fysikken kan språkbruken på bokmålssida seiast å vere prega av sentripetalkrafta, ei rørsle inn mot ei klart dominerande og de facto snever norm. Mykje av språkbruken i nynorsk synest å vere prega av den motsette rørsle, av sentrifugalkrafta, med

tendensar i mange retningar og utan ei like klar og hevdvunnen fleirtalsnorm som i bokmål. Det gode med dette er at det kan opne for nye nynorskbrukarar. Det kritiske er at det held oppe ei påviseleg uvisse hos store grupper nynorskbrukarar.

Difor kjem ikkje nytenkinga om nynorsk rettskriving ein dag for tidleg.

Kor viktig er ei rettskriving?

Visjonen vår er *Nynorsk, sjølsagt, når som helst og kor som helst*. Vi vil gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Dette inneber å bli sikrare i sitt eige språk og hjelpe dei usikre med å gjere nokre val. I dette ligg eit tydeleg sosialt engasjement. Også nynorsk er ein skriftkultur som treng sine heltar og førebilete, men kven som er språklege rollemodellar, varierer med kjønn, alder, geografi, utdanning og sosial bakgrunn.

Vi må bort frå inntrykket av at i nynorsk kan alt gå an. Når blir ei norm så vid at den ikkje fungerer utan presiserande tillegg? Og kven fungerer den for? Individuell valfridom står høgt i kurs, og det er gode grunnar til det, men i språkbruk kan vid valfridom bli eit gode for den sikre og velutdanna, og eit hinder for dei usikre med varierende utdanningsgrad og språkkompetanse. Det siste vi treng, er ei språknorm som fungerer best for dei som minst treng ei norm.

Framlegget til ny rettskriving er i så måte balansert og nyansert. Valfridomen blir større, og skriftnorma blir tydelegare. Det blir lettare for den som er språkleg usikker å følgje ei norm i kvardagen og skrive formelt korrekt. Samstundes kan alle som bruker språket i kunstnarleg verksemd eller på anna privat grunnlag, gjere nett som dei vil, som dei alltid har gjort og alltid skal kunne gjere. Den som vil skrive *god* nynorsk, må framleis gjere mange val, men har også svært mykje å velje mellom av historisk variasjon og stilistiske nyansar i tillegg til det som blir den gjeldande norma.

Nynorsk som skriftspråk blei til gjennom eit språkleg opprør mot gjeldande sosiale og språklege normer i samfunnet. Det motkulturelle ved nynorsk har ikkje minst vore det at ein ikkje ville innrette seg etter dei normene som gjaldt i storsamfunnet og som blei vedtekne ovanfrå. Dette kjenner vi att frå hundre års rettskrivingsdebatt. Her har to argumenttrekkjer gått att som også har vore framme i diskusjonen om den nye rettskrivinga. Den eine er at får eg ikkje skrive nynorsk slik eg meiner nynorsk skal skrivast, kan det vere det same. Den andre er at berre eit skriftspråk med ei så vid norm at den femner heile landet, kan bli eit riksdekkjande språk.

I lang tid har desse to argumenta vore omsette til språkleg praksis gjennom den vide norma nynorsk har hatt. Likevel har ikkje utviklinga gått i favør av det argumenta peikar på. Vi er dei siste femti åra blitt færre, ikkje fleire nynorskbrukarar, og bruken av nynorsk har gått sterkt tilbake i dei områda av landet der argumenta for den vide norma har vore målborne sterkast.

Utforminga av norma forklarar altså ikkje utbreiinga av språket, verken for bokmål eller nynorsk. Mot demografi og andre samfunnskrefter kjem sjølv gjerne filologar og lingvistar til kort. I alt vi gjer legg Nynorsk kultursentrum stor vekt på å identifisere årsaker, utviklingstrekk og endringar som det må gjerast noko med politisk for at det skal bli lettare å vere nynorskbrukar. Vi trur ikkje framlegget til ny rettskriving får fleire til å skrive nynorsk, men vi kjenner oss sikre på at det blir lettare for fleire å bli verande nynorskbrukarar og bli sikrare i sin språklege kvardag. Verdien av den sjølvrespekten kan ikkje målast i røystetal eller kroner.

Blir dette stramt nok?

Med dette framlegget blir nynorsk verande eit språk med ei vid norm. Vi støttar hovudlinjene i framlegget. Det ville vi også ha gjort om framlegget hadde vore stramare enn det er no. Nemnda har teke raust omsyn til sjølv små grupper av språkbrukarar.

Framstillinga i dokumentet er god, ryddig og tydeleg. Her er mykje å lære om korleis tyngdepunkt og praksis har skifta frå reform til reform fram gjennom 1900-talet. Overtydingskrafta blir likevel større viss nemnda i den endelege innstillinga gjer overbygningen tydelegare og samanfatningane klarare slik at kvintessensen i framlegget kjem betre fram. Mandat må alltid

tolkast og balansen mellom ulike faktorar vurderast. Her saknar vi ein fyldigare argumentasjon for dei vurderingane nemnda har gjort, ikkje berre kva konklusjonar ein har trekt.

Nynorsk treng nokre tydelege signalmerke. I den avsluttande runden bed vi nemnda vurdere å setje opp ei slik liste på til dømes ti eller tjue ord. På ei slik liste ville vi vente å finne ord som *eg, berre, ikkje, mykje* og *noko*. Til signalmerka høyrer også grammatikalske særtrekk. Det ville også vere bra om nemnda i samandraget presiserer kva saker ein ikkje har teke stilling til, som kjønn på ein del importord (s. 130).

I denne innstillinga blir nynorsk meir konsekvent enn før sett på som eit skriftspråk. Å forstå nynorsk som ein skriftkultur er ikkje å kaste vrak på det grunnsambandet mellom talemål og skriftspråk som er det nynorske vassmerket, men det er å utvide perspektivet og leggje rimeleg vekt på kva som krevst av eit moderne skriftspråk.

Dokumentasjonen av språkbruk er grundig innstillinga gjennom. Det er ille at nemnda ikkje fekk tilgjenge til større mengder unormert og uredigert tekst. Utdanningsdirektoratet viste dårleg skjøn då dei avslø ein søknad om tilgang til anonymiserte elevtekstar (s. 36). På den andre sida hender det at nemnda trekkjer for tydelege konklusjonar ut frå eit gitt materiale. Dette gjeld særleg ein studie i skriftspråket til skjønnlitterære forfattarar gjennom fleire tiår (s. 30). Stort sett dreiar dette seg om redigerte tekstar, og forfattarane var nok ikkje utan vidare meir konsekvente i si eiga språkføring då enn dei har vore seinare. Forlagsredaksjonane har i større eller mindre grad påverka språkbruken til forfattarane. Det som fleire stader i innstillinga blir forklart med individuelle endringar, kan altså skrive seg frå dei normagentane forlaga var – og er.

Nemnda legg til grunn at dei som skriv ein såkalla midtlinjenynorsk, ikkje skal måtte endre mykje på skriftspråket sitt, og at den nye nynorsken skal vere minst mogleg framand for den jamne brukaren (s. 33). Dette er god språkpolitikk. Stortinget vedtok i 2002 at bokmål og nynorsk skal normerast på kvar sine grunnlag innanfor det norske. Særleg for nynorskbrukarane må då skilnaden vere stor nok mellom denne såkalla midtlinjenynorsken og det som no er dominerande bokmålspraksis. Det er ikkje å vente at nemnda har kunna utføre slike analysar også, men spørsmålet bør vurderast i den endelege innstillinga. No kjem argumentet fram berre nokre stader, som i omtalen av vekedagane. Der viser nemnda med rette til at omsynet til den nynorske identiteten er eit argument for ikkje å ta in nye valfrie former som fell saman med bokmål, der nynorsk har godt innarbeidde ord (s. 106). Det argumentet bør vege tungt også i tilfelle der nynorsk førebels ikkje har slike godt innarbeidde ord.

Nynorsken skal altså vere til å kjenne att også etter 2012. Då som før skal norma markere at nynorsk er eit landsgyldig og riksdekkjande språk. Dette var viktig også då utbreiinga av nynorsk tok til for over hundre år sidan. Den store skilnaden er at nynorsk no *er* etablert som eit riksspråk. Fire av ti kommunar har skular med nynorskelevar, og tre av ti kyrkjelokn har nynorsk liturgi. Det bur nynorskbrukarar i alle fylke og i alle dialektområde i dette landet. Samstundes veit vi at Vestlandet blir viktigare og viktigare for den faktiske posisjonen nynorsk har som bruksspråk på andre domene enn skule og kyrkje. Demografiske og sosiale utviklingstrekk fører til at denne tendensen blir jamt sterkare. Nemnda har på ingen måte laga ein vestlandsk nynorsk, men det systemet nemnda foreslår, gjer det lett også for nynorskbrukarane på Vestlandet å finne att sine variantar av nynorsk.

Kva former som finst i ulike talemål i dag, er viktig kunnskap, men kor mange som bruker desse talemåla *og* skriv nynorsk, må også telje med. Då bør rettskrivinga for nynorsk også ta meir omsyn til det faktiske tyngdepunktet i bruk av nynorsk. For hundre år sidan vona ein sterkt på at eit fleirtal landet over skulle ta nynorsken i bruk. Det var i ferd med å skje, men den tyske okkupasjonen skar brutalt over den demokratiske språkendinga som då var i gang. Etter dei viktige og vellykka dialektaksjonane frå 1970-talet kan kvar nordmann i dag takke målrørsla og ingen andre for at iallfall dialekt kan brukast kvar som helst og når som helst. At dialektane står så sterkt, har endra skriftspråket nynorsk, men det har i liten grad endra bruksmønsteret for nynorsk. Ei slitesterk rettskriving for nynorsk bør ta omsyn til slike språkpolitiske og

språksosiologiske utviklingstrekk. Difor er det både viktig og rett av nemnda å leggje særleg vekt på ”det som synest vera mest brukt blant nynorskbrukarane” (s. 32).

Merknader til enkeltframlegg

I høyringsbrevet bed nemnda om synspunkt på ti endringsframlegg. Nynorsk kultursentrum står fullt ut alle desse, med eitt unntak. Vi rår frå at *dykke* blir jamstelt med *de* som subjektsform. At dei grammatikalske grunnstrukturane blir forenkla i talemålet, treng ikkje innebere at dei same endringane også må innførast i skriftspråket. At mange nynorskbrukarar ikkje meistrar skiljet i skrift, er også brukt som argument (s. 147). Det finst språk større enn nynorsk som er utan dette skiljet, til dømes engelsk. Vi meiner likevel skiljet bør haldast oppe, ikkje minst fordi resultatet lett vil bli at talemålsformer som *dokke* tek over og skyv ut hevdvunne skriftformer.

Nemnda går inn for å jamstille *da/då*, *no/nå* og *so/så* (s. 48). Argumentet er at dette er viktig for at flest mogleg skal godta den nye norma. Når det er årsaka til endringsframlegget, burde nemnda også vise kor store grupper av dagens nynorskbrukarar dette gjeld. Vi gjer framlegg om ei stramare forenkling med *då*, *no* og *så* som eineformer. Å bruke Aasens ordbok frå 1873 som argument for kva som bør vere praksis i 2011 (s. 23), blir mest kuriøst når nemnda med rette elles sjeldan bruker den same ordboka som argument.

På s. 85 kjem nemnda til at ho ikkje vil gjere noko med prefiksa *fore-/føre-*. Det synest vi er synd, for dette gjeld ganske mange former som er mykje brukte i daglegtale og skrift.

Nemnda framhevar verdien av at ord blir bøygde systemrett (s. 113). Dette er eit kjernesporsmål i skriftspråkssystem. Vi ser gjerne at nemnda leitar fram fleire slike tilfelle og vurderer om dette argumentet bør vere avgjerande i fleire tilfelle enn det no er. Den typen opprydding som nemnda foreslår for substantiv som endar på *-sle* eller *-sel*, er eit anna døme på verdien av det systemrette (s. 121).

Innstillinga får godt fram kor vanskeleg det kan vere å rydde og lage system der system ikkje finst. Eit rettskrivingssystem må vere eit kompromiss mellom ulike omsyn og interesser. Å føre éin argumentasjon strengt gjennom eit heilt språkssystem, ville auke avstanden mellom språk og språkbrukar. Skriftspråk er system, og då kan ein kome i skade for å lage samanhengar som ikkje er samanhengar. Her ser det ut til at nemnda kjem i vanskar når ein vil rydde ved å skilje mellom ulike typar substantiv som har suffikset *-skap* (s. 125). Dette fører til fire kategoriar av ord som til dels har lite felles, og omtalen er ikkje utfyllande. Eit ord som *bodskap* skal etter den nye regelen kunne vere både hankjønns- og inkjekjønnsord fordi det omtalar ei rolle eller eit fenomen. Det er ikkje innlysande at det er eit slik ord *bodskap* er. Definisjonane er for vage til at ein enkelt kan slutte frå regel til ord i dei tilfella ein er usikker. Viss lista skal vere uttømande, manglar ord som *rekneskap*, sjølv om dette er nemnt seinare i framstillinga.

Trass i at inkjekjønnsformer av ord som *medlemskap* og *rekneskap* er svært lite brukte i det materialet nemnda har undersøkt, foreslår nemnda valfritt kjønn. I andre tilfelle med så lite brukte former, blir dette derimot brukt som argument mot valfri form. Såleis er ord med suffikset *-vere*, som i *tilvere*, så lite brukte at nemnda foreslår at desse går ut (s. 123). Det er vi samde i, men konsistent argumentasjon er ikkje dette, sjølv om det eine gjeld skrivemåte og det andre gjeld kjønn. Desse døma tyder på at nemnda bør sjå nøye på kategoriane og konsistensen i argumenta, og vurdere om framstillinga kan forenklast, til glede for dei som no skal skrive skulegrammatikkar og dei som skal lære bort grammatikken.

Korleis kan den nye normalen bli praksis?

Vi les framlegget som ein invitasjon til endeleg å etablere nynorsk som eit standard typisk skriftspråk med ei særmerkt historie.

Blant nynorskbrukarane har internaliserte normer stått sterkt (s. 27). Det er berre det at ulike nynorskbrukarar og miljø av nynorskbrukarar har hatt ulike slike normer. Det burde vere like lett for nynorskbrukarar som for andre språkbrukarar å tilpasse seg ei eksisterande skriftnorm når det er skriftspråk. Framlegget til nynorsknormal forsterkar det kollektive ved skriftspråket

nynorsk. At det då reduserer spelerommet for språkleg individualisme innanfor norma, bør alle kunne leve godt med.

Vi finn det sannsynleg at normeringa av nynorsken vil bli utført frå ulike hald i mykje større grad enn tilfellet har vore til no. Talet på former går opp, og valfridomen blir på mange punkt større enn før for dei som pliktar å følgje ei norm. Den som då vil etablere språkleg konsekvens, må altså velje. Det blir nok lettare å vere nynorskbrukar, men det blir ikkje utan vidare lett å vurdere kva som no bør reknast for god nynorsk språkføring. Norma blir verande såpass vid at mange institusjonar må avgrense i praksis. Særleg vil dette gjelde for institusjonar og miljø der fleire personar samarbeider om dei same tekstane, til dømes medieverksemdar. Nynorsk kultursentrum har hatt ei husnorm sidan 2005, og direktøren har varsla at den nye nynorsknormalen blir innført straks den er godkjent. Framlegget tyder på at endringane blir få.

Dilemmaet er at nynorsk skriftkultur manglar dei sterke miljøa og institusjonane som pregar den faktiske språkbruken og som kan vere til god støtte for dei mange usikre språkbrukarane. Det kritiske punktet no er difor ikkje norma, men innføringa. Nemnda viser til fleire undersøkingar som syner at elevane ikkje får opplæring i å bruke den valfridomen som alt finst (s. 30). Det ligg utanfor mandatet til nemnda å vurdere korleis dei som pliktar i følgje ei norm, bør handtere den nye situasjonen. Det bør derimot Språkrådet vurdere når den endelege innstillinga ligg føre.

Med venleg helsing

Nynorsk kultursentrum

Reidar Sandal (s)
styreleiar